

BACHELOROPPGÅVE

PALS FRÅ EIT FORELDREPERSPEKTIV

Korleis oppfattar foreldre ved to ulike PALS –skular denne modellen?

av

Karoline Korneliussen
Kandidatnummer 117

PALS from a parent perspective

Bacheloroppgåve i grunnskulelærerutdanning 5.-10

PE379

Mai 2014



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordaneløyve til å publisere oppgåva i Brage (Skriv inn tittel) dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stridemotgjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Karoline Korneliussen, kandidatnummer 117

JA NEI

Innhald

1.0. Innleiing.....	4
1.1. Bakgrunn for val av tema	4
2.0. Kva er PALS?	4
3.0. Teorigrunnlag for PALS.....	5
4.0. Metode	7
4.1. Kvalitativ metode	7
4.2. Intervju	7
4.3. Utval	8
5. 0. Moglege feilkjelder.....	8
6.0. Gjennomføring	9
6.1. Intervjuguide	10
7.0. Samandrag av intervju.....	10
7.1. Avgjersleprosessen.....	11
7.2. Informasjon	11
7.3. Nøgd med avgjersla	11
7.4. Endringar hjå miljøet og / eller eleven	11
7.5. Økonomi	12
7.6. Samarbeidet skule - heim.....	12
7.7. Andre element.....	12
8.0. Drøfting.....	12
8.1. "Eg viste ikkje om det før det var bestemt at det skulle vere PALS skule"	13
8.2. "Men eg trur at lærarane må passas litt på så dei brukar det på same måte"	13
8.3. "Kor oppteken vert då læraren på å finne kva den eigentlege årsaka til problemet med den og den eleven?"	15
8.4. "Det er veldig fokus på lydnad, og det har eg tenkt litt på"	16
8.5. "Eg trur at det ikkje passar for yttergrensene"	17
9.0 Oppsummering.....	18
10.0. Litteraturliste	19
11.0. Vedlegg 1	21
12.0 Vedlegg 2	22

1.0. Innleiing.

PALS er ein modell som har vorte relativt populær dei siste åra, og som utdanningsdepartementet har gitt si støtte. Det er ein omdiskutert modell og har fått både ros og kritikk gjennom media og frå enkeltpersonar. I ei undersøking gjort av åtferdssenteret i etterkant av ein del av denne kritikken fekk ein sjå at heile 80% av dei rektorane ved PALS skulane framleis var nøgd med modellen (Arnesen, Meek-Hansen, Ogden, Olseth & Sørлие, 2012). Om dette var fordi dei meinte at modellen faktisk var bra for skulen deira eller om det var for å forsvare sine val er vanskeleg å seie. Det eg vil sjå på er korleis dei føresette oppfattar denne modellen. For at modellen skal fungere på best mogleg måte er ein avhengig av at dei føresette er ombord, sidan ein har som mål å endre uønska åtferd og fremje samhandling både i og utanfor klasserommet. Grunnen til at det kan vere spanande å høyre korleis foreldra oppfattar modellen er fordi dei kjenner borna sine best, og har ingen forpliktingar til verken å forsvare eller kritisere modellen i utgangspunktet.

Eg har i oppgåva gjort nytte av både masteroppgåve og element frå media. Grunnen til dette er at store delar av forskinga som er gjort om modellen er skriven av åtferdssenteret som står bak modellen. Om eg kunn hadde nytta denne ville eg berre fått eit synspunkt på modellen. I tillegg er det gjort lite forskning på kva foreldra seier om denne modellen, eg har derfor måtte sjå til andre kjelder for å få eit breiare perspektiv.

1.1. Bakgrunn for val av tema

For meg var PALS – modellen ukjent heilt fram svogeren min, som arbeidar ved ein skule på austlandet, fortalte meg at skulen han arbeida på var PALS skule og fortalte meg kva det gjekk ut på. Eg vart interessert og byrja å lese meir om denne modellen, og fant både kritikk og ros. Eg fann utsegn frå skuleleiarar, lærarar og utanforståande, men utsegn frå foreldre var eit fåtal og stort sett frå media. Eg vart derfor interessert i kva foreldra til elevane meinte om denne modellen og bruken av den.

Problemstillinga mi vart derfor "Korleis oppfattar foreldre ved to ulike PALS –skular denne modellen?"

2.0. Kva er PALS?

"Positiv Atferd, støttende Læringsmiljø og Samhandling i skolen", forkorta PALS, er ein skuleomfattande innsatsmodell utvikla av Atferdssenteret i Oslo. Denne modellen består av tiltak som skal rette positiv merksemd til alle elevane og fremje positiv åtferd. Alle dei tilsette legg vekt på oppmuntring og positiv merksemd, samstundes som det vert gitt føreseielege reaksjonar på negativ åtferd. Målet med modellen er å fremje sosial kompetanse, førebyggje og redusere åtferdsproblem hjå elevane (Arnesen, Ogden og Sørлие, 2003).

PALS - modellen er bygd opp av fire hovuddelar, ein systemdel, ein praksisdell, ein datadel og ein resultatdel. Dei ulike delane viser ulike element, men er avhengige av kvarandre og må derfor sjåast på som ein samanheng.

Systemdelen omhandlar å skape ein positiv sosial kultur og eit trygt læringsmiljø ved skulen. Det er derfor viktig å få støtte ikkje berre frå skulen sine tilsette, men også frå dei føresette og andre instansar som skulen samarbeidar med, som til dømes PPT. For at modellen skal ha ei hensikt er det derfor viktig at alle dei ulike nivåa og involverte partane er med på å utvikle positiv åtferd og god samhandling. I praksisdelen av modellen tek ein dei teoretiske aspekta ved modellen og utfører dei. Her kjem spesifikke tiltak for å fremje det positive læringsmiljøet. Dette inneberer blant anna at skulen sine elevar får undervisning i nokre få positivt formulerte rettingslinjer eller reglar, som omhandlar kva som er forventta åtferd. Det underbyggjast ved systematisk å bekrefte positiv åtferd ved bruk av ros og oppmuntring. Negativ åtferd vil derimot verte reagert negativt på med føreseielege konsekvensar. Datadelen handlar om å systematisk samle inn informasjon om hendingar, då særleg negative, og kartlegging av problemåtferd ved skulen. På denne måten kan skulen sjå kor dei må setje i verk eller tilpasse tiltak til anten enkeltelevar, grupper eller klasser. Til saman vil dei tre delane skape den siste delen av modellen, altså resultatdelen. Der dei til saman skal kunne gje målbare resultat og bidra til å skape ein skule som skal oppnå målet med modellen, altså skape ein skule med positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling (Arnesen, Ogden og Sørлие, 2003).

PALS skil mellom tre intervensjonsnivå i ein tiltakspyramide der skiljet går mellom tiltak som er retta mot "alle elevane", "risikoelevane" og "elevar som har utvikla åtferdsproblem". Denne inndelinga viser til praktiske følgjer for kva tiltak som kan setjas inn. Alle skulen sine elevar vert undervist i forventta åtferd og sosiale dugleikar, i tillegg vert det oppmuntring og lønning for positiv og god åtferd. Dette gjeld heile skulen, også dei elevane som til vanleg viser god åtferd. På denne måten vert alle elevane involvert, og ein kan oppretthalde dei gode mønstra. Grunna kravet om innsamling av data kan ein på ein effektiv måte finne dei elevane som treng ekstra tiltak, og som vert omtalt som elevar i "risikosona", tiltaka kan anten skje i grupper eller individuelt. Elevar som allereie har utvikla alvorlege åtferdsproblem får ytterlege tiltak som er meir intensive og individuelle (Arnesen, Ogden og Sørлие, 2003)

3.0. Teorigrunnlag for PALS

PALS er ein modell som har kombinert ein del av tankegangen til den behavioristiske retninga og teoriar frå av den sosiokulturelle tankegangen. PALS brukar ein del tankar frå behaviorismen, som ytre stimuli, og sett dei i ein sosiokulturell kontekst (Lekhal, 2007). På grunn av vanskar med å få tak i dei originale bøkene til teoretikarane har eg måtte bruke sekundære kjelder for å ta føre meg teoriane.

Den klassiske behaviorismen tenker på mennesket som eit blankt lerret ved fødselen, der berre eit fåtal refleksar er medfødt. Utanom det er alt mennesket tilegnar seg av kunnskap og erfaringar lært. Mennesket kan betraktast som noko mekanisk, det indre livet som tankar og følelsar vert teke lite omsyn til. Med utgangspunkt i den behavioristiske bakgrunnen for modellen er Skinner ein aktuell teoretikar å ta føre seg. Skinner hadde ein teori om at ein gjennom forsterkingar kunne påverke åtferd. Han gjorde fleire forsøk på rotter der han gjennom forsterkingar, enten positive eller negative, kunne få dyra til å utføre handlingar. På same måte kan ein tenke at ein kan forsterke åtferd med å gje lønning eller minske åtferd med konsekvensar. PALS har teke denne tanken og brukar ytre stimuli som lønning for å forsterke den positive åtferda og minske den negative hjå elevane. Straff derimot har liten plass i Skinner sin teori, og vert framstilt som noko som bidrar til ein midlertidig undertrykking av den uønska åtferda. Den vil altså ikkje hjelpe til med å fjerne den uønska responsen til individet (Imsen, 2001, s68-69).

PALS - modellen byggjer på fleire sosiokulturelle teoriar. Blant anna Patterson sin sosial interaksjonsteori og Bronfenbrenner sin teori om forståing av læringsmiljøet sine kontekstuelle forhold (udir, 2006) .

Patterson sin teori om sosial interaksjon er ein teori som viser korleis antisosial åtferd vert tilegna gjennom læringserfaringar i familien. Teorien prøver å seie noko om kvifor barn utfører dei handlingane dei gjer (Apelseth & Ameli, 2001). Inspirasjonen til denne teorien er henta frå læringspsykologien på 60 og 70 –talet, der både Bandura, Walters, Miller og Dollards vert nemnt. Teorien gjer det mogleg å forstå korleis barn utviklar antisosial åtferd, men også å sjå kven som er mest utsett for å utvikle den. Denne teorien vert hjå PALS brukt for dei elevane som er på veg eller allereie har utvikla åtferdsproblem. I følgje dette perspektivet er ikkje kvifor barnet lærer det viktigaste, men kvifor nokon utfører fleire antisosiale handlingar enn andre (Lekhal, 2007).

Bronfenbrenner sin sosialøkologiske teori ser på barn si utvikling i eit kompleks system av relasjonar som er påverka av fleire nivå av omgjevnaden (Berk, 2009, s26). Bronfenbrenner argumenterer for at for å forstå utviklinga til barnet må ein studere miljøaspektet. Vi må studere samanhengen for å forstå utviklinga til barnet, å studere situasjonar utan konteksten vil ikkje gje eit riktig inntrykk. I tillegg påpeikar han at barnet aldri høyrer heime i berre eit miljø. Det høyrer til i mange miljø samstundes, som til dømes i heimen og på skulen. Barnet bærer med seg impulsar på tvers av dei ulike miljøa, forhold seg til dei og påverkar dei, men må likevel vere den same heile personen. Han hevder i tillegg at det er viktig å ikkje berre studere barnet i forhold til dei miljøa, men også å studere miljøa i forhold til kvarandre. Ein kan sjå for seg miljøa som eit samhengande system, der det eine rommar det andre. Innerst finn ein mikronivået, som inneheld dei personen er direkte involvert i, som foreldre og skulen. Det er gjerne i dette nivået PALS arbeider, dei bruker klassen og miljøet på skulen for å forme miljøet og åtferda til elevane. Det neste nivået er mesonivået, det er å studere fleire nærmiljø samstundes for å få fram samspelet mellom dei. Altså å studere korleis det som skjer i ein situasjon verkar inn på det som skjer i ein anna situasjon. Eksosystemet omfattar sosiale settingar som verkar inn på barnet, men som barnet ikkje er direkte involvert i, til dømes arbeidslivet til

foreldra. Makrosystemet er det yttarste nivået som inneheld kulturelle verdiar, lovar og ressursar (Imsen, 2001, s338-341)

Det forskingsbaserte grunnlaget bak PALS er School-Wide Positive Behavior Intervention and Support, forkorta SW-PBIS, er utvikla av Horner, Sprague, Sugai og Walker ved universitetet i Oregon, USA. Denne modellen er i grove grunntrekk den same modellen som PALS, med same tankegang og hovudelement . Forskarane har her gjort fleire randomiserte kontroll forskingar som er fagfellevurdert. Forsøka viser til gode resultat med tanke på positiv åtferd i skulen (OSEP, 2009).

4.0. Metode

I mi bacheloroppgåve har eg valt å bruke kvalitativ metode. Paul C. Cozby (2009) skriver at kvalitativ metode fokuserer på folk si åtferd i ein naturleg kontekst og skildring av deira verd gjennom deira eigne ord. Han skriver òg at kvalitative forskarar legg vekt på å samle inn grundigare informasjon om noko spesifikt frå få individ (Cozby, 2009, s107).

4.1. Kvalitativ metode

Den kvalitative metoden gir oss moglegheita til å sjå ein heilskap, og dette var mitt formål med undersøkinga. Medan den kvantitative metoden gir oss ein representativ oversikt, kan ein gjennom den kvalitative metoden gå nærare på dei eller det ein undersøkar og få høyre meiningar og synspunkt hjå nokre utvalte forskingsobjekt (Larsen, 2012, s23). Gjennom denne metoden kan ein prøve å skape ei forståing av kva dei føresette tenkjer om modellen og la dei uttrykkje eigne meiningar og synspunkt.

Eg valte å ikkje bruke kvantitativ metode på grunnlag av at eg følte den kvalitative metoden ville gje meg ei betre forståing av problemstillinga mi. Hadde eg brukt kvantitativ metode, og hatt fleire foreldre og skular, kunne eg fått resultat i form av kvantitative data som ville kunne vorte samanlikna og eventuelt vorte generalisert om utvalet var stort nok. Til tross for dette var eg meir interessert i forståing, og å kunne gå lengre inn i dei to spesifikke skulane og få eit innsyn i kva dei føresette verkeleg tenker om denne modellen. På dette grunnlaget avgjorde eg at den kvalitative metoden passa best for mi undersøking.

4.2. Intervju

Av dei ulike kvalitative metodane valte eg å bruke intervju som metode. I denne metoden får informantane større fridom til å uttrykkje seg og komme med eigne meiningar (Christoffersen & Johannessen, 2012, s78). Eg valte å bruke eit semistrukturert intervju, der eg på førehand hadde laga ein intervjuguide. Samstundes varierte nokre av spørsmåla og informanten fekk i dela av intervjuet styre samtalen. På denne måten kom det spørsmål som ikkje sto i intervjuguiden, men som var

naturleg å stille. Nokre gongar varierte spørsmåla utifrå kva informant som vart intervjuet. Ein av grunnane til at eg valte å lage ein intervjuguide var fordi det var ein tryggleik for meg som intervjuar å ha notat å sjå på. I tillegg fekk eg sikra meg om at dei eg intervjuet svarte på det eg trengte for å svare på problemstillinga mi. Til slutt gav dette meg moglegheita til å gjere alle intervjuet likast mogleg, noko som kan vere viktig for validiteten i undersøkinga.

4.3. Utval

I mi undersøking har eg valt meg ut to skular som bruker PALS, og deretter fått intervju med to føresette frå FAU frå kvar av skulane. For at PALS modellen skal fungere på best mogleg måte er ein avhengig av at dei føresette, sidan ein vil endre uønska åtferd og fremje samhandling både i og utanfor klasserommet. Grunnen til at eg valte å bruke føresette frå FAU var fordi dette er individ som er valt til å representere dei føresette som gruppe. Dei føresette i FAU skal vere oppdatert på PALS og har eit nært samarbeid med skulen og administrasjonen. I tillegg var dette eit val gjort med tanke på det etiske aspektet ved forskinga. Å velje ut foreldre på grunnlag av kva intervensjonstype eleven deira har vil kunne gjere det lettare å spore på eleven, dei føresette og eventuelt skulen, samstundes vil det kunne vere eit sensitivt tema for dei føresette å snakke om sine eigne born med omsyn til tiltak og modellen som heilskap.

Fordelen med den kvalitative metoden er at forskaren får moglegheit til å møte forskingsobjekta ansikt til ansikt, og kan stille oppfølgingsspørsmål eller avklare misforståingar, på denne måten kan ein auke validiteten av undersøkinga (Larsen, 2012, s26). Ulempa med denne metoden er at den er meir tidkrevjande og at ein risikerer intervju effekt. Dette vil seie at den som intervjuar kan påverke intervjuresultata, anten om det skjer fordi intervjuobjekta svarer det dei trur intervjuaren vil høyre eller at intervjuaren påverkar intervjuobjektet bevisst eller ubevisst (Larsen, 2012, s27)

Sidan eg har brukt ein kvalitativ metode og berre har fokusert på to PALS skular kan ikkje mitt resultat i denne oppgåva generaliserast til andre PALS skular. Likevel vil resultata mine kunne skape ei forståing og ein innblikk i dei føresette sine synspunkt om modellen og tankar rundt fordelar og ulemper ved denne. Resultatet vil derfor vere relevant til dømes for dei aktuelle skulane, andre skular som brukar denne modellen, og det vil kunne opne døra for andre liknande studiar.

5. 0. Moglege feilkjelder

I all forskning er det viktig at dei data som vert samla inn er pålitelege, altså eit spørsmål om reliabiliteten. Reliabiliteten seier noko om nøyaktigheita av undersøkinga sine data. Det knytt seg til kva data som vert brukt, korleis den vart samla inn og på kva måte den vert arbeidd med i etterkant (Christoffersen & Johannessen, 2012, s23). I mi undersøking vil intervjuguiden kunne brukast som eit middel for å reteste undersøkinga mi, likevel kan ein tenke seg at eit skjema med opne spørsmål vil kunne gje andre svar om ein spør intervjuobjekta ein gong til. Ein vil likevel mest sannsynleg komme fram til dei same resultata i ein heilskap, som vert kalla interreliabilitet, om ein har dei same intervjuobjekta (Christoffersen & Johannessen, 2012, s23).

I tillegg til reliabiliteten seier validiteten i undersøkinga noko om kor relevant dei data som vert samla inn er for å representere det fenomenet som vert undersøkt. Det dreier seg om kor mykje samsvar det er mellom det som skal undersøkast og målinga av dette. Her kan ein måte å svekke validiteten på vere å stille spørsmål som ikkje svarer på problemstillinga (Christoffersen & Johannessen, 2012, s24). Her har eg prøvd å auke validiteten ved å stille opne spørsmål om informantane sine opplevingar og sitt syn på den aktuelle modellen. Å ha lav validitet ved å ikkje stille dei riktige spørsmåla kan vere ei aktuell feilkjelde.

Ei anna feilkjelde som ein må ha i bakhovudet når ein driv forskning er at informanten vert påverka av den som intervjuar (Larsen, 2012,s71). Når ein sit ansikt til ansikt med personen ein skal intervjuje kan det vere lett å påverke informanten sjølv om det ikkje er bevisst. Ein sit gjerne med ei hypotese i tankane eller forventningar om kva svar ein kan få, og på denne måten kan anten kroppsspråket eller tilbakemeldingane på svara påverke informanten. Informanten kan til dømes gje dei svara som han føler tilfredstillar intervjuaren eller verte usikker på dei svara dei har lyst å gje. Som intervjuar prøvde eg så godt som råd å halda meg nøytral og tenke over kroppsspråket, men dette er vanskeleg når intervjuet har eit relativt samtaleliknande preg over seg. Ein er på ein sida nøydd å gje respons på det som vert sagt, samstundes som ein må halde maska og ikkje verke for ivrig eller skeptisk. Om min måte å intervjuje på har påverka svara eg har fått kan ikkje utelukkast heilt.

I etterkant av intervjuar har eg og sett at nokre av spørsmåla kan ha vore vanskeleg å svare på. Spørsmåla om foreldra har merka noko endring i læringsmiljøet og eller elevane kan vere vanskeleg å gje konkrete svar på. Dette på grunn av at det er mange faktorar som spelar inn i både eleven sitt liv og miljøet på skulen. Å konkludere med at PALS er grunnen til endring vil vere vanskeleg, sidan dette berre er ein av fleire faktorar som kan spele inn både positivt og negativt.

Når det kjem til informantane eg har brukt i undersøkinga er det viktig å sjå på utvalet med eit kritisk auge. Informantane eg har brukt har sjølv meldt seg frivillig til å delta i undersøkinga, og ein må derfor vere open for tanken om at dei kan ha meldt seg frivillig fordi dei har eit spesifikt syn på modellen. Utvalet er òg så lite at det kan vere store ulikskapar i foreldregruppa som heilskap. Foreldre med motsatt syn på modellen kan ha hatt grunnar til å ikkje melde seg frivillig til intervjuet eller ikkje hatt moglegheit.

6.0. Gjennomføring

Det første eg gjorde var å ta kontakt med rektorane på dei aktuelle skulane og høyre om dei var villig til å delta og å hjelpe med å kome i kontakt med aktuelle føresette. Det vart deretter send eit infoskriv til rektorane som dei sendte vidare til foreldra, sjå vedlegg 1. Det var derfor rektorane som kontakta FAU i første omgang og hørde kven som var villig til å delta i undersøkinga. Ein kan derfor

seie at utveljinga av intervjuobjekt var sjølvseleksjon, sidan objekta sjølv sa seg frivillig til å delta på grunnlag av oppmuntring frå rektor (Larsen, 2012, s77).

Etter at eg hadde fått tilbakemelding frå rektor om kven som hadde sagt seg villig til å delta tok eg kontakt med foreldra via mail og telefon. Intervjua var som tidlegare nemnt gjort på grunnlag av ein intervjuguide som ein kan sjå nedanfor. Intervjuguiden vart følgt, men på grunn av at informantane av og til kom med informasjon som ikkje svarte direkte på spørsmåla ga dette meg moglegheita til å komme med oppfølgingsspørsmål og fekk då grundige svar. Før intervjuet byrja delte eg ut eit skjema for førespurnad om deltaking i undersøkinga, som informantane skreiv under på. Der sto det blant anna informasjon om kva prosjektet omhandla, kva deltakinga innebar og at deltakinga var frivillig, sjå vedlegg 2. Gjennom intervjua kom det fram at alle dei fire foreldra var relativt skeptisk til modellen og bruken av han. I etterkant av intervjua transkriberte eg dei ordrett for å få ei betre oversikt.

6.1. Intervjuguide

- Presentere meg
- Informere om prosjektet og tema for spørsmåla
- Gå gjennom korleis intervjuet vil verte dokumentert og kva som skjer med datamaterialet i etterkant av oppgåva
- Garantere anonymitet og sikre tillating
- Takke for deltakinga

Spørsmål:

- Korleis vart dei føresette inkludert i avgjerdsprosessen om å bruke modellen?
 - Kva informasjon fekk dei føresette om modellen og bruken av den?
 - Nok informasjon?
 - Er du nøgd me avgjersla om å bruke modellen?
- Har det vorte endring i læringsmiljøet hjå skulen?
 - Kva for endringar?
- Endringar hjå elevane?
 - Kva for endringar?
- Var økonomi ein viktig komponent når skulen skulle ta avgjersla om å ta i bruk PALS?
 - Korleis / korleis ikkje?
- Korleis er samarbeidet mellom skulen og heimen når det gjeld gjennomføring av modellen?
 - Vert det sett krav til foreldra?

7.0. Samandrag av intervjua

I samandraget av intervjua vil eg ta føre meg intervju spørsmåla og samanlikne dei svara eg fekk for å trekke ut hovudfunna mine. I utføringa av intervjua, og med tanke på metodevalet mitt, kom det

oppfølgingsspørsmål undervegs og på slutten av intervjuet spurte eg om det var noko meir dei ville føye til om modellen.

7.1. Avgjersleprosessen

I spørsmålet om korleis foreldra vart inkludert i avgjerdsprosessen om å bruke modellen var det ingen av foreldra eg snakka med som vart inkludert. Nokre svarte at barna deira kom inn etter at modellen var innført på den aktuelle skulen, medan andre foreldre sa at det vart teke opp på foreldremøte, men at dei ikkje vart inkludert i sjølve avgjeringsprosessen.

7.2. Informasjon

Om kva informasjon foreldra fekk om modellen og bruken av den var svara stort sett samkjørte frå begge skulane. Det var foreldremøte med informasjon, brosjyrar og informasjon på nettstaden til skulen og elles på internett. På spørsmålet om dei følte dei fekk nok informasjon var det derimot eit skilje mellom dei to skulane. På skule A svarte foreldra at ein fekk informasjon om ein søkte det sjølv, men at dei gjerne ville hatt meir informasjon om bruken av den på deira skule. Ein av foreldra nemner at det har vore ein del usvarte spørsmål frå foreldra. Den andre forelderen frå skule A meiner at dei som sit i FAU har fått ein del informasjon. På skule B derimot er foreldra nøgd med den mengda informasjon dei har fått frå skulen. Den einaste kritikken ein av dei føresette frå skule B har om informasjonen er at dei ikkje vart godt nok informert om at modellen byggjer på ein del behavioristiske tankar.

7.3. Nøgd med avgjersla

Når eg spurte om foreldra var nøgd med avgjersla om å bruke modellen var dei fire foreldra frå begge skulane relativt samstemt om at dei var skeptisk til modellen. På skule A svarte ein av foreldra at det ikkje hadde gjort noko om modellen ikkje var der, og at det kanskje ikkje var behov for den. Den andre forelderen frå skule A stiller spørsmål til modellen. På skule B svarte begge foreldra at dei ikkje var heilt nøgd med avgjersla. Ein av foreldra seier at ein kan sjå nokre fordelar, men òg store avgrensingane til modellen, medan den andre forelderen meinte at modellen ikkje passar for yttergrensene og at den er for rigid.

7.4. Endringar hjå miljøet og / eller eleven

Når det kjem til endringar hjå læringsmiljøet svarte foreldra frå skule A at dei ikkje hadde merka noko endring, men at lærarane har nemnt at dei hadde vorte meir samkjørte. Ved skule B har foreldra heller ikkje merka noko endring, men også her har det, frå andre enn foreldra, vore snakk om endringar. Blant anna ei frå PPT som har vore ein del inno i skulen har sagt at miljøet har vorte betre. Når det gjed endring hjå elevane nemner ein foreldre frå skule A at det har vore ei litt meir negativ utvikling på grunnlag av barnet er skuffa over mengda bra - kort som eleven får. Ein av foreldra frå skule B nemnar at det har vorte ein meir "kva får eg for det" haldning i heimen.

7.5. Økonomi

Om økonomi var ein komponent i avgjersla om å bruke modellen var noko foreldra eg snakka med verken hadde fått informasjon om eller noko dei hadde noko innblikk i. Dette var eit aspekt som dei ikkje hadde tenkt over, og ikkje hadde kunnskap om.

7.6. Samarbeidet skule - heim

Når det kjem til samarbeidet mellom skulen og heimen svara foreldra frå skule A at så lenge ein ikkje har barn med åtferdsvanskar så høyrer ein ingenting utanom den vanlege kontakten mellom skulen og heimen. Det vert heller ikkje sett noko krav til foreldra i forhold til modellen. På skule B vert det nemnt foreldremøte og at skulen ilag med FAU har laga ei regelmatrise til foreldra som inneheld punkt om korleis foreldra kan bidra til å følge opp PALS. I tillegg kjem det fram at skulen er flink til å informere og følge opp. Når det kjem til krav som skulen sett til foreldra med tanke på modellen vert det utanom regelmatrisa ikkje sett nokre spesifikke krav til foreldra.

7.7. Andre element

Sidan eg brukte semistrukturerte intervju var det til tider intervjuobjekta som styre samtalen og kom med informasjon som ikkje var direkte knytt opp til dei spørsmåla eg stilte. Dei elementa som kom fram gjennom denne delen av intervjuet vil eg ta føre meg her.

Foreldra kom til dømes med ulike døme på lærarar som hadde tolka og utvida modellen, dette var noko foreldra stilte seg skeptisk til og ein av foreldra meinte at ein måtte passe på at lærarane brukte modellen på lik måte. Det kom også fram at nokre av foreldra var skeptisk til bruken av bra – kort, og stilte spørsmål om denne typen motivasjon gir mindre refleksjon hjå elevane. Og om lærarane forenkla situasjonen ved enten å gjer lønning eller ikkje. Fleire av foreldra var redd for at enkelteleven vart gløymt og at læraren ikkje skulle gå inn i dei underliggjande årsaka til åtferda hjå elevane.

I tillegg var det fleire av foreldra som var skeptisk til fokuset på lydnad. Om det var for mange reglar, for stort fokus på autoritetar og for lite elevmedverknad. Ein av foreldra meinte at elevane skulle fått vore med å lage til dømes klassereglar i staden for at skulen har felles reglar.

8.0. Drøfting

I drøftinga mi vil eg gå nærare inn på noko er av som kom fram i intervjuet med foreldra og sjå på dette i samanheng med teori.

8.1. "Eg visste ikkje om det før det var bestemt at det skulle vere PALS skule"

For at ein skule skal få bruke PALS har åtferdssenteret enkelte kriterium som skulane er forventa å oppfylle. Eit av dei kriteria er at det er støtte og medverknad frå føresette, skuleeigar, PP – tenesta og anna støtteapparat (Atferdssenteret, 2014). I intervju med fire foreldre frå FAU ved to PALS – skular er det ingen av dei som føler at dei har vorte inkludert i denne avgjerla. Det kjem fram at skulen har komen med informasjon om modellen, bruken av den og verknaden av den på ulike informasjonsmøte og foreldremøte, men då har det allereie vore bestemt at skulen skal vere PALS – skule. No skal det nemnast at nokre av foreldra har elevar som kom inn i skulen etter at denne modellen vart innført.

Lekhal (2007) skriver i si masteroppgåve om PALS at samarbeidet mellom skulen og heimen ofte dreier seg om at skulen kjem med informasjon, og at dei føresette har lite reel medverknad. Det er stort sett skulen og lærarane som tek avgjerla medan foreldra si oppgåve vert å følge dei. Han skildrar foreldra som skulen si forlenga arm. Etter å ha snakka med dei ulike foreldra sit eg igjen med noko av det same inntrykket. "Så vi måtte bare godta at slik var det" forklarte eit av intervjuobjekta.

Eit av tiltaka som er viktig for PALS er nettopp samarbeidet mellom skulen og heimen, og det å involvere foreldra. Dette vert gjort gjennom foreldremøte der det vert informert om PALS og ved å informere foreldra om kva som er PALS – tema den aktuelle uka (Lekhal, 2007). I spørsmålet om kva informasjon foreldra fekk og om det var nok informasjon var foreldra på skule B var relativt samde om at skulen var flinke til å gje informasjon om modellen og bruken av den. Både ved oppstarten av programmet og gjennom dei ulike åra som modellen har vore i bruk. Foreldra ved skule A derimot hadde eit ynskje om meir informasjon. "Det har vore mange spørsmål, og kanskje mykje spørsmål som ikkje har fått svar frå foreldre om korleis det er blitt tatt i bruk på vår skule spesielt." Foreldra ved denne skulen ga inntrykk av at dei har fått litt lite informasjon, og at den informasjonen dei har fått er grunna at dei sit i FAU. "Som foreldre så trur eg kanskje ikkje informasjonen er god nok. Men eg sitter i FAU og der har vi fått meir. Så eg er nøgd med det eg har fått, men det er mest gjennom FAU.". Det kan vere at foreldra har fått den same informasjonen, men at den er vorte tolka eller forstått ulikt av ulike foreldre. Samstundes er det gjerne FAU som får informasjon av skulen, og dei har då ansvar for å vidareformidle denne informasjonen til resten av foreldregruppa.

8.2. "Men eg trur at lærarane må passas litt på så dei brukar det på same måte"

Eit anna kriterium som åtferdssenteret har sett er at om lag 80% av dei tilsette er nøydt til å ha eit ynskje om å bruke PALS (Arnesen, Ogden og Sørli, 2003). Eg har ikkje gjort noko undersøking hjå lærarane ved dei aktuelle skulane, og vil derfor ikkje seie noko om dette kriteriet er oppfylt eller ikkje. Eg vil ta utgangspunkt i at dei aktuelle skulane har teke omsyn til dette før dei innførte modellen.

Foreldra frå begge skulane gir lærarane mykje ros, likevel er det nokre lærarar og situasjonar som skil seg ut. Fleire av foreldra kjem med døme på korleis nokre lærarar tolkar og utvidar modellen. No

skal det nemnast at dette er enkeltsituasjonar og enkeltpersonar, og kan ikkje brukast som eit grunnlag for å generalisere bruken av modellen hjå lærarar generelt. Det vil, uavhengig av modellar eller tankegang hjå skulen, vere enkelte lærarar som skil seg ut både positivt og negativt. Dei situasjonane som kjem fram under kan derfor ikkje seiast å vere eit resultat av PALS. Ein vil også kunne lese at når situasjonane har vorte teke opp hjå rektor eller PALS har det komen fram at dette ikkje er tankegangen til PALS.

Ein av foreldra fortel om ein fortvila far som hadde fortalt at læraren hadde innført eit prikkesystem, altså at læraren ga gule prikkar i staden for merknadar, og der to eller tre elevar hadde fått tre prikkar på grunnlag av gløymte bøker. Læraren hadde så gitt klassen lønning i form av sjokoladecake, der heile klassen utanom dei to eller tre elevane hadde fått kake. Dei var nøydd å sitte å sjå på at resten av klassen åt. Nokre av elevane klarte derfor ikkje å ete fordi dei syns dette var så urettferdig. Intervjuobjektet mitt hadde då gått PALS og fått beskjed om at mat ikkje skulle brukast som straff.

Ei anna hending som vart fortalt var at ein lærar hadde utvida modellen til å omhandle fag, noko ein i teorien ikkje skal. Læraren hadde gitt elevane i førsteklasse lekse om sommaren, der dei skulle lese bøker og krysse av eit skjema. Når sommaren var over fekk elevane bra – kort utifrå mengde bøker dei hadde lest. Når forelderen klaga på at læraren ga lekse om sommaren, og at ein ikkje skulle blande PALS i fag, fekk forelderen beskjed om at dette var noko som læraren hadde tenkt å fortsette med og som forelderen måtte finne seg i. Når forelderen etter dette gjekk til rektor ordna rektoren opp.

Til tross for at fleire av foreldra eg har snakka med er skeptisk på kor mykje endring i miljøet og hjå elevane etter at PALS vart innført på skulen er det ein av foreldra som seier: *“No det siste året har i alle fall lærarane sagt at dei er meir samkjørte i forhold til at dei seier dei same tinga. Og det syns eg er litt trist å høyre at dei ikkje har gjort det før, at dei treng ein modell for at læraren skal bli samkjørte og då med fokus på det med åtferdsproblem.”*

Likevel har modellen fått mykje ros frå både media og andre utanforståande i ulike oppslag. Heller skriver i si masteroppgåve at implementeringa av denne modellen har vist seg å vere gjennomgåande positiv hjå dei deltakande skulane og at PALS –modellen sin effekt i forhold til eleven sin sosiale kompetanse har vist ein positiv auking (Heller, 2008) Samstundes er det fleire lærarar ved ulike skular som har gitt modellen mykje ros i media. Eva Norh seier til dømes i eit intervju med Utdanning at ho føler seg tryggare i lærarrolla enn før, og at undervisinga har vorte meir effektiv. Lærarane er flinke til å støtte kvarandre og dei har fått nye felles verktøy dei kan bruke når dei kjem i situasjonar dei er usikre på (Mathisen, 2011).

I si masteroppgåve har Unni Helle Nordberg gjennom si undersøking funnet at lærarane i PALS - skulane i større grad hevdar at dei har ein skuleorganisasjon som involverer seg. At dei har ein konkret og oversiktleg handlingsplan som er kjend blant personalet. I tillegg til at fleire lærarar på PALS - skular enn på skular utan PALS opplever at skulen klarer å fange opp elevar i risiko for å utvikle åtferdsvanskar og at tiltaka hjelper (Nordberg, 2013)

8.3. "Kor oppteken vert då læraren på å finne kva den eigentlege årsaka til problemet med den og den eleven?"

PALS fokuserer på å forbetre og oppretthalde positiv åtferd hjå elevane. Ein av måten dette vert gjort på er gjennom ros og lønning. I tillegg skal det vere føreseielege konsekvensar ved brot av skulen sine reglar (Arnesen, Ogden og Sørli, 2003). Ein del av denne lønninga går gjennom bruken av bra – kort. Dette er kort som læraren delar ut til elevar som viser god åtferd. Elevane samlar opp bra – kort som kan føre til større lønningar.

Foreldra eg har snakka med har stilt seg litt skeptisk til tanken om bra – kort. Nokre av dei er redd for at dei ytre lønningane skal vere den einaste grunnen til at elevane viser positiv åtferd, at dei ikkje lærer kvifor dei skal vise god åtferd, og om åtferda vil fortsette når dei ytre lønningane forsvinn. "Det skal ikkje vere slik at du gjer det fordi du får bra - kort, du kan få ein litt sånn manglande refleksjon rundt kvifor ein skal gjere noko. For no tenker eg at motivasjonen til enkelte elevar kan vere at no gjer vi sånn fordi då får vi bra – kort.". Ein av foreldra nemner også at enkelte lærarar ikkje er god nok til å forklare kvifor dei gir bra – kort. Forelderen kom med eit døme der eleven hadde komen heim og fått bra – kort, men kunne ikkje fortelje kvifor eleven hadde fått kortet. I tillegg er det nokre av foreldra som tenker at dette er noko som skjer på skulen, altså at elevane koplpar PALS til skulen, men ikkje held fram med tankegangen til PALS i heimen. Ein foreldre seier blant anna "Dei gjer det på skulen fordi dei får bra - kort, dei følg ikkje opp heime. Det tenker dei at er noko dei skal gjere på skulen. Det er kanskje eit tankekors med modellen at dei tenker at det er ein skulemodell.". Ein anna foreldre fortalte at nokre av foreldra på skulen hadde innført ein slags type PALS heime hos seg sjølv, med til dømes utlevering av bra – kort, så dette viser at det er mogleg å ta tankegangen bak PALS inn i heimen.

Tanken om ytre motivasjon er ein del av PALS som har fått kritikk frå utanforståande. Lekhal (2007) stiller seg spørsmålet om dette er ei kortsiktig løysing, og om dette er å sy puter under armene til elevane. Elevane vert lært opp til at dei får lønning om dei ikkje gjer noko gale, men som vaksne menneskje ute i den verkelege verda er det ikkje slik. Ein får til dømes ikkje lønning for å oppføre seg etter reglar og normer i arbeidslivet. Dette er oppgåver, oppførsel og plikter som alle i samfunnet må høva seg etter, seier Lekhal (2007).

I tillegg er nokre av foreldra redd for at ein slik type tankegang vil kunne gjere at lærarane ikkje går djupare inn i bakgrunnen til at elevane gjer som dei gjer. At læraren forenkla situasjonen og enten gir eller ikkje gje bra – kort på bakgrunn av eleven og situasjonen, og ikkje ser at det er mange grunnar

til at ein elev har ein viss åtferd i ulike situasjonar. Ein av foreldra seier til dømes at *”Vi lønner den og den eleven med bra - kort viss den gjer sånn og sånn, men har du då funnet årsaka til problemet? Det kan vere mange grunner til at elever er urolige i ein klasse. Det kan vere hyperaktive elever, men det kan og vere elevar som ikkje får dei utfordringane dei treng i skulen, kanskje dei kjedar seg, kanskje er det for lett pensum, er poenget då å gje dei fleire bra - kort for at dei skal sitte rolig i timen?”*. Det går fram i intervjuet at det er fleire av foreldra som er bekymra for at skulen gjennom dette systemet gløymer enkelteleven. At dei elementa som vert lønna er den åtferda som ein av foreldra kategoriserer som *”vanleg folkeskikk”*. *”Det med å sjå enkelmenneskje og forstå kvifor ein gjer ting, det er det viktigaste. Ikkje få eit kort for noko du vert forventet at skal gjere, det vert for banalt.”*

I ei evaluering av modellen skriven av Henrik Natvig og Helene Eng (2014) klassifiserer dei modellen som eit funksjonelt tiltak. Modellen legg vekt på at lærarane brukar positiv merksemd og verdsettning for å fremje positiv åtferd og motivere elevane til å gjere som forventet. Dette kan vere oppmuntrande for elevane både med tanke på positiv sosial åtferd gode prestasjonar og innsats. Å verte anerkjent og få positiv involvering frå lærarane kan bidra til å gje elevane sjølvrespekt og auka trivsel på skulen (Eng & Natvig, 2014). På denne måten kan ein tenke seg at sjølv om bra – kort fokuserar på ytre motivasjon er det andre element ved modellen som skal auke den indre motivasjonen til elevane gjennom at lærarane involverer seg i elevane og fokuserar på det positive. For at læraren skal klare dette må dei sjå enkelteleven og fokusere på den tilpassa opplæringa og tilpassa tiltak.

8.4. ”Det er veldig fokus på lydnam, og det har eg tenkt litt på”

Christian Beck seier skriver i ein debatt arrangert av UiO om PALS i 2008, *”Hensikten deres er dressur og manipulering av elevene, for å få ro. Dette gir også en utilsiktet negativ ”tilleggssosialisering”, en ”antidanning” i skolen, i retning av underkastelse og kynisk strategisk tenkning, hvor alt dreier seg om ytre belønning og materielle goder. Som om vi ikke skulle ha mer enn nok av slik samfunnsmentalitet allerede.”*

Dette utspelet er noko som til ein viss grad vart støtta oppunder hjå enkelte av foreldra eg snakka med. Det var fleire som var skeptisk til tanken om at det har vore stor fokus på lydnam, respekt for autoritetar, mykje reglar og ein del konsekvensar. Nokre av foreldra ga inntrykk om at det kanskje vart for mykje for elevane i fyrsteklasse, og verte kasta inn i ein skulekvardag med mykje reglar og mindre rom for utprøving, utforskning og medverknad. Ein av foreldra skildrar modellen som *”rigid”* og seier at *”Eg meiner at elevane burde lære å lage reglar ilag for seg, for alle ulike og klassane er ulike og har ulike utfordringar. Det er ein del av det å bli større. Alt er likt på heile skulen, det er reglar overalt og det heng smilefjes overalt. Alt er bestemt før ein kjem, og det er ikkje sånn samfunnet er elles, ein må kome fram til reglar sjølv.”*. Forelderen kritiserer at skulen har bestemt reglar, og at klassane ikkje har eigne klassereglar.

På nettstaden til Nordre Aker Budstikke kan ein lese det motsette når det kjem til fellesreglar for skulen. Elevar frå elevrådet ved Grefsen skule i Oslo seier at skulen har vorte meir oversiktleg etter at dei byrja med PALS, og at det har vorte meir orden. Elevane veit kva for reglar som gjeld og kjem med døme om at tidlegare kunne ein lærar kome med ein beskjed, medan ein anna kunne seie at dette var galt. Rektor ved skulen ser gode resultat som følgje av innføringa av PALS ved skulen. (Kjelstrup, 2010)

I tillegg nemner Natvig og Eng (2014) fordelane ved at elevane veit kva som er forventa av dei på skulen, og kva dei kan forvente av andre elevar og tilsette ved skulen. Dette kan skape trygge rammer for elevane og skape eit godt miljø, både fagleg og sosialt (Eng & Natvig, 2014).

8.5. "Eg trur at det ikkje passar for yttergrensene"

Eit av dei elementa som kom fram, og som foreldra var samd om var at denne modellen gjerne ikkje passa for alle elevane. Til tross for at modellen har eit universelt nivå som tek sikte på å hjelpe, støtte og på ein positiv måte oppretthalde den gode åtferda som mange av elevane allereie har (Arnesen, Ogden og Sørli, 2003), er foreldra usikre på om denne modellen eigentleg passar for skulen som heilskap.

"Det passer ikkje for den som sliter i heimen sin og har foreldre som kanskje ikkje følgjer opp, så kjem han på skulen og vert misforstått. Og det passar heller ikkje for den flinke som kanskje aldri vert sett, og som kanskje aldri får bra - kort." Forelderen er redd for at elevane i ytterkantane ikkje vil få den støtta eller merksemda som dei treng.

Foreldra kjem med bekymringar, ikkje berre for yttergrensene, men også for dei elevane som utgjer gjennomsnittet. *"Sånn sett er eg litt meir skeptisk enn positiv til modellen, fordi eg syns at majoriteten av ungane som gjer så godt dei kan blir på ein måte straffa litt for det. Både det at ein ikkje får bra – kort, og at dei ser at det løner seg å gjere litt ugang for dei får meir bra - kort, så eg veit ikkje heilt."* Dette var eit poeng som fleire av foreldra tok opp. Dei var redd for at dei elevane som gjer som dei skal, sit på plassane sine og følgjer reglane risikerar å verte gjømt i mengda. At elevane som viser størst framgang gjerne vert meir lønna enn dei elevane som held seg på eit godt nivå. Ein av foreldra seier til dømes *"Eg har ei som går i småskulen, og ho er litt skuffa over at ho får så få bra - kort sant, ho gjer så godt ho kan heile tida, men så får ho ikkje bra - kort likevel."*

Arnesen, Ogden og Sørli skriv som svar på kritikk om bra – kort at nokre elevar i tillegg til ros kan trenge meir handfast bevis på læraren si godkjenning, og då kan få eit lite kort der det står "BRA!" med ein konkret tilbakemelding. Men det er på ingen måte dette som er kvintessensen i PALS. Det er derimot viktig at læraren spelar på mange strenger for å fremje respekt, ansvar, omsorg og tryggleik i læringsmiljøet (Atferdssenteret)

I tillegg er PALS klar på at ulike elevar treng ulik oppfølging. Som tidlegare nemnt kan ein plassere elevane i ulike nivå, og det skal innførast tiltak som er tilpassa eleven sine føresetnadar og behov. Dei elevane som ikkje får hjelp på det universelle nivået får ein ny sjans på det selektive nivået og endå ein gong på det indikerte nivået, om dei ikkje viser framgang (Ogden, 2013). På denne måten skal modellen fange opp dei elevane som er i yttergrensene får hjelp enten i grupper eller individuelt. For å kunne tilby hjelp til alle elevane er det derfor ei føresetnad at ein går djupare inn i problema eller utgangspunktet til eleven, for å kunne tilpasse tiltaka som verksett. Det universelle nivået gjeld alle elevane på skulen, og det er her ein gjerne vil tilpasse til dei elevane som foreldra snakkar om som gjennomsnittet. Tilpassa opplæring, god klasseleiing, positiv åtferdstøtte, klare mål og faglege tilbakemeldingar for å nemne nokre tiltak (Ogden,2013).

9.0 Oppsummering

At PALS har valt å bruke både behavioristisk og sosiokulturelle tankar, som kan sjåast på som motsetnadar, er noko eg finn interessant. I artiklane til åtferdscenteret vert ikkje behaviorismen nemnt som grunnlag for modellen, men i alle dei andre kjelda mine vert Skinner nemnt. Om åtferdscenteret har valt å ikkje nemne det å grunn av at behaviorismen har fått ein del kritikk for å fokusere for lite på det indre i mennesket er usikkert. Likevel er det spanande å sjå korleis dei brukar ytre stimuli til å forme åtferd i ein sosial kontekst. Det brukar ein slags "ein for alle, alle for ein" tankegang for å skape konformitet i åtferda til elevane.

Alt i alt står eg att med tanken at PALS og bruken av den alltid vil kunne vere eit tema for debatt. Alle skulemodellar har både motspelarar og støttespelarar. På grunnlag av eit lite utval av både skular og foreldre kan eg verken generalisere eller konkludere med det eine eller det andre. Likevel tenker eg at det er eit tankekross at dei fire foreldra eg snakka med var relativt samde om at dei ikkje var nøgd med avgjerla om å bruke modellen. Det kom enkelte positive tilbakemeldingar, men mest kritikk. Foreldra ga for det meste inntrykk av at dei var nøgd med både lærarar, rektor og skulen, men modellen skulen hadde valt falt ikkje i smak. No skal det seies at det er mogleg at eg hadde fått eit anna resultat om eg hadde snakka med andre foreldre eller andre skular.

Likevel kan ein kanskje kan dra nytte av denne forskinga med tanke på kommunikasjonen mellom skulen og heimen. Det kan vere eit behov for større og meir open kommunikasjon mellom heimen og skulen. Begge instansar vil jo tross alt det beste for eleven. Og om ikkje foreldra støtter modellen som skulen har valt, kan dette vere med på å svekke eleven si tiltru til lærarane og tankegangen til skulen som heilskap. Sjølv om eg ikkje kan generalisere mine funn, kan dei likevel vere relevante for framtidig tenking. Det har vore ein del forskning på både lærarane og rektorane når det kjem til PALS, men kanskje høyrer ein for lite frå foreldra. Det vil alltid vere forbettringspotensiale når det kjem til samarbeidet og kommunikasjonen mellom skulen og heimen.

10.0. Litteraturliste

- Apelseth, E., F. & Amlie, C. (2001) *Parent Management Training – en foreldreveiledningsmetode for behandling av barn med atferdsproblemer. Teori, behandlingsprogram og implementering i Norge.* (Hovedoppgåve, Univeristetet i Bergen). Henta frå:
<http://www.ub.uib.no/elpub/2001/h/308002/Hovedoppgave.pdf>
- Arnesen, A., Ogden, T. & Sørli M-A. (2003). *Positiv atferd, støttende læringsmiljø og samhandling i skolen.* Henta frå:
http://www.atferdssenteret.no/getfile.php/Filer/Atferdssenteret.no/Internett/Programmer_Metode_r/PALS/Positiv%20atferd%2C%20st%C3%B8ttende%20%C3%A6ringsmilj%C3%B8%20og%20samhandling%20i%20skolen.pdf
- Arnesen, A., Meek-Hanse, w., Ogden, T., Olseth, A., R. & Sørli M-A (2012) *Rektorundersøkelsen 2012.* Henta frå:
http://www.atferdssenteret.no/getfile.php/Filer/Atferdssenteret.no/Internett/Programmer_Metode_r/PALS/Rektorunders%C3%B8kelsen%202012.pdf
- Atferdssenteret.(2014) *Positiv atferd, støttende læringsmiljø og samhandling (PALS).* Henta frå:
<http://www.atferdssenteret.no/informasjon-om-pals-modellen/category161.html>
- Beck, C., W (2008) *EN KRITIKK AV ATFERDSPROGRAMMET PALS I SKOLEN (Uio)* Henta frå
<http://folk.uio.no/cbeck/Kritkk%20av%20PALS%20i%20skolen.pdf>
- Berk, L. (2009). *Child development.* Pearson higher education
- Christoffersen, L., & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene.* Oslo: Abstrakt forlag
- Cozby, P, C. (2009). *Methods in Behavioral Research.* New York: McGraw-Hill Companies
- Eng, H., Natvig, H. (2014) *PALS – Positiv atferd, støttende læringsmiljø og samhandling.* Henta frå:
https://www.ungsinn.no/post_tiltak/pals-positiv-atferd-stottende-laeringsmiljo-og-samhandling-2/
- Heller, M., C. (2008) *Atferdsproblemer i skolen : PALS - et effektivt virkemiddel i forebygging og reduksjon av atferdsproblemer blant barn unge?* (Masteroppgåve, Universitetet i Oslo) Henta frå:
<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/31023/Kap.1xmasteroppgave.pdf?sequence=2>
- Imsen, G. (2001). *Elevers verden.* Univeritetsforlaget
- Kildekompasset. *APA 6th.* Henta frå: <http://www.kildekompasset.no/referansestiler/apa-6th.aspx>
- Kjelstrup, K., A. (2010, 08.02) *Nå følger alle på skolen de samme reglene. Nordre Aker Budstikke.* Henta frå: <http://www.nab.no/nyheter/na-folger-alle-pa-skolen-de-samme-reglene-1.4813666>
- Larsen, A, K. (2012). *En enklere metode.* Bergen: Fagbokforlaget
- Lekal, R. (2007) *Atferdsprogrammet PALS. Konsekvenser av og utfordringer forbundet med implementeringen av atferdsprogrammet PALS i noske skoler.* (Masteroppgåve, Universitet i Oslo) Henta frå:

<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/31077/MasteroppgaveRatibLekhal%5B1%5D.pdf?sequence=1>

Lid, L., S. (2011. 07.10). Dyrkar det positive. *Bygdanytt*. Henta frå http://www.atferdssenteret.no/getfile.php/Filer/Atferdssenteret.no/Internett/Aktuelt/Medieklipp/Faksimile%20Bygdanytt%207_ okt.pdf Maxwell, J. (2005). *Qualitative research design*. California: Sage Publication

Mathisen, B., R. (2011.07.10) Bruker belønning og oppmuntring. *Utdanning*. Henta frå http://www.atferdssenteret.no/getfile.php/Filer/Atferdssenteret.no/Internett/Aktuelt/Medieklipp/s.20-21_Utdanning_16_ny_lav.pdf

Nordberg, U., H. (2013) *PALS - Positiv atferd og støttende læringsmiljø i skolen : førebyggjande for risikoutsette barn?* (Masteroppgåve, NLA) Henta frå: <http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/172103/1/Unni%20Elisabeth%20Helle%20Nordberg,%20mars%2013.pdf>

Ogden, T (2013) *Skoleomfattende positiv læringsstøtte - et nyttig perspektiv på utvikling av skolens læringsmiljø?* Henta frå: <file:///C:/Users/Karoline/Downloads/Terje%20Ogden-skoleomfattende%20positiv%20l%C3%A6ringsst%C3%B8tte.pdf>

OSEP Center. (2009) *IS SCHOOL-WIDE POSITIVE BEHAVIOR SUPPORT AN EVIDENCE-BASED PRACTICE?* Henta frå: <http://www.pbis.org/research/default.aspx>

Passer, M., W., & Smith, R., E. (2008) *Psychology – The science of mind and behavior*. New York: McGraw-Hill Companies

Språkrådet. *Administrativ ordliste*. Henta frå: http://www.sprakradet.no/Sprakhjelp/Raad/Fra_bokmaal_til_nynorsk/#/

Tahir, M. (2011, 17.09) Ber elevene gripe inn. *Dagsavisen*. Henta frå: <http://www.atferdssenteret.no/getfile.php/Filer/Atferdssenteret.no/Internett/Aktuelt/Medieklipp/110926%20faksimile%20Dagsavisen.pdf>

Utdanningsdirektoratet (2006) *Forebyggende innsatser i skolen*. Hent frå: <http://www.udir.no/Tilstand/Forskning/Rapporter/Utdanningsdirektoratet/Forebyggende-innsatser-i-skolen-2006/>

11.0. Vedlegg 1

Infoskriv

I mi lærarutdanning ved høgskulen i Sogn og Fjordane skal eg skrive ei bacheloroppgåve knytt til faget pedagogikk. Eg har valt å skrive om PALS, og kva foreldra tenkjer om denne modellen.

Eg vil derfor gjerne ha kontakt med to føresette gjennom FAU, som eg kan stille mellom 4-6 opne spørsmål om denne modellen

Både skulen og dei føresette vil bli anonymisert i oppgåva.

Mvh

Karoline Korneliussen

Mobil: 95742394

Mail: Karoline_korneliussen@hotmail.com

12.0 Vedlegg 2

Førespurnad om deltaking i forskingsprosjektet

”PALS FRÅ EIT FORELDREPERSPEKTIV”

Bakgrunn og formål

Prosjektet er ei bacheloroppgåve gjennomført gjennom lærarutdanninga ved høgskulen i Sogndal. Formålet med studiet er å få dei føresette sitt perspektiv på PALS- modellen ved to spesifikke PALS skular.

Utvalet vart gjort gjennom frivillige føresette i FAU på oppmoding frå rektor ved skulen. Grunnen til dette utvalet er at dei føresette i FAU er valt til å representere foreldra som ei gruppe.

Kva innebere deltakinga i studien?

Deltakinga inneberer eit intervju med opne spørsmål som tek mellom 30 – 45 minutt. Spørsmåla vil omhandle modellen PALS og kva intervjuobjekta tenkjer om den e modellen. Data vert registrert med lydopptakar.

Kva skjer med informasjonen om deg?

Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt. Studenten og eventuelt vegledar er dei einaste som vil ha tilgang til personopplysningar

Deltakarane vil ikkje kunne gjenkjennas i publikasjonen. Verken namn, stad eller skule vil verte oppgitt i publikasjonen.

Prosjektet skal etter planen avsluttas 15.05.2014. Alle personopplysningar og opptak vil då verte sletta.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke ditt samtykke utan å gje noko grunn. Dersom du trekker deg, vil alle opplysningar om deg verte anonymisert.

Dersom du har spørsmål til studien, ta kontakt med Karoline Korneliussen. Tlf 95742394

Samtykke til deltaking i studien, og gje intervju

Eg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta

(Signert av prosjektdeltaker, dato)